

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 25.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Koronaviruset – Dei nasjonale tiltaka held fram

Regjeringa vidarefører alle tiltaka som er iverksett for å bekjempe utbrotet av koronavirus i Noreg fram til over påske, til og med 13. april.

Barnehagane, skulane og høgskulen er stengt. Det er også små og store bedrifter, restaurantar, treningssentra og konsertscener.

Regjeringa melder at tiltaka ser ut til å bremse smitten, men at ein treng meir tid for å sjå kva effekt dei har. Regjeringa har fastsett ein strategi for å avgrense smittespreiinga som inneber at kvar enkelt som vert smitta maksimalt skal kunne smitte berre ein annan person. Da vil helsevesenet ha kapasitet til å hjelpe alle som treng det.

Regjeringa sine tiltak vert gjengitt her:

«Noen av de viktigste tiltakene som videreføres til og med 13. april 2020 (kan bli forlenget)

- *De strenge hygienetiltakene fortsetter. Folk må holde fysisk avstand til hverandre, ha god håndhygiene og hoste i papir eller albuekroken.*
- *Ute i det offentlige rom, bør folk ha minst en meters avstand til andre mennesker. Når man er ute, bør man ikke være mer enn fem personer sammen i gruppe – med unntak av de som er i familie eller i samme husstand. Innendørs bør folk ha minst to meters avstand til hverandre, men det gjelder ikke de som er i familie eller i samme husstand.*
- *Alle landets barnehager, barneskoler, ungdomsskoler, videregående skoler, høyskoler og universiteter og andre utdanningsinstitusjoner holder stengt.*
- *Barnehagebarn og barn på småskoletrinnet med foreldre som har samfunnskritiske funksjoner, fortsetter å få et tilbud i sin barnehage og skole.*
- *Reglene om karantene og isolasjon etter kontakt med smittede (smittekarantene) videreføres. Dersom du har vært i nær kontakt med noen som har fått påvist koronavirus, skal du være i karantene i 14 dager. Dersom du har vært på utenlandsreise skal du være i karantene i 14 dager fra den dagen du kom hjem.*

Dersom du har fått påvist eller testes for koronavirus, må du isoleres. Det betyr at du må holde deg hjemme hele tiden og ikke gå ut. Dersom testen er negativ, skal du fullføre karanteneperioden.

- *Reglene for karantene ved innreise til Norge fra utlandet (reisekarantene) videreføres med de unntak og presiseringer som gjelder i dag.*
- *Reglene om bortvisning av utenlandske statsborgere som ikke bor eller jobber i Norge ved grensen videreføres, med de unntak og presiseringer som gjelder i dag.*
- *Grensekontrollen på indre Schengen-grenser forlenges.*
- *Helsepersonell som jobber med pasientbehandling forbys å reise til utlandet. Forbudet gjelder både tjenestereiser og privatreiser, foreløpig ut april 2020.*
- *Kulturarrangementer, idrettsarrangementer og organisert idrettsaktivitet både innendørs og utendørs er forbudt.*
- *Alle virksomheter i serveringsbransjen, med unntak av serveringssteder der det foregår servering av mat, det vil si kantiner og spisesteder som kan legge til rette for at besøkende kan holde minst 1 meters avstand, holdes stengt.*
- *Servering av mat skal ikke skje som buffet. Serveringsbransjen omfatter restaurant, bar, pub og uteliv.*
- *Treningsentre, svømmehaller, badeland og liknende holder stengt.*
- *Virksomheter som tilbyr frisørtjenester, hudpleie, massasje og kroppspleie, tatovering, hulltaking(piercing) og liknende holder stengt.*
- *Forbudet mot opphold på hytter/fritidseiendommer opprettholdes.*
- *Alle landets trafikkstasjoner holder stengt.*
- *Kollektivtransporttilbudet opprettholdes.»*

Sjå heile oversikta over [nasjonale tiltak](https://www.regjeringen.no) (regjeringen.no) innført av norske myndigheter for å handtere koronasituasjonen.

Smitta er i lokalmiljøet. Det er teke 14 nye prøver og ingen av desse var positive. Det er framleis tre som har testa positivt hittil. Smitta er i lokalmiljøet, og den enkelte må ta situasjonen alvorleg. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er svært smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

Hald avstand og vask hender. Følg dei grunnleggjande råda for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre: unngå reising og hald deg mest mogleg i ro, hald fysisk avstand til andre og vask hendene ofte. Ver særleg merksam på at det kan vere smitte på kontaktflater som mange tek på når du er i butikken eller fyller drivstoff. Det er viktig at butikkane, bensinstasjonane og liknande informerer godt og legg til rette for at folk kan skjerme seg og sprite hendene. Det vil vere uansvarleg dersom ein berre går inn i butikken utan å halde avstand til andre og følgje råda til personleg hygiene.

Hjelp til å handle. De som er sjuke, er i karantene eller er i risikograppa kan ta kontakt med frivilligsentralen som kan organisere hjelp å handle dersom de ikkje har andre som kan gjere dette for dykk – ta kontakt på telefonnummer 917 25 639 (Volda) og 415 12 813 (Hornindal). Hugs god handhygiene og fysisk avstand til kvarandre.

Legetenesta. Volda kommune er framleis takksam for at du viser omsyn og ikkje tek kontakt med legetenesta om ting som kan vente. Ein kan avtale legetime for nødvendig helsehjelp. Legekontoret er todelt der det er oppretta eige legekontor for pasientar med luftvegsjukdomar ved helsestasjonslokalet på Øyra skule. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt.

Situasjonen i næringslivet er alvorleg. Regjeringa har allereie kome opp med nokre tiltak, men det må vesentleg meir til for å unngå konkursar og arbeidsløyse stor konsekvensar for familiar og samfunnet. Dei lokale bedriftene vert oppmoda til å definere sine behov og kontakte Volda Næringsforum, Sunnmøre Kulturnæringshage eller Volda kommune dersom det er noko som kan gjerast lokalt eller bringast opp til nasjonale myndigheiter. Den politiske leiinga gjennomfører også ei ringjerunde til bedriftene.

Ta vare på kvarandre. Det er viktig at familiar står saman og ivaretek kvarandre gjennom kriseperioden. Vidare er det viktig at ein tenkjer på andre som kan ha behov for hjelp. Ta gjerne ein ekstra telefonsamtale til nokon som treng det. Det er viktig å tenkje på at krisesituasjonen er mellombels, og at vi skal attende til normal situasjon.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett, og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.